



Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/6808 - 20/41113

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.  
no

Dato:  
29.06.2020

## Landbrukssak gbnr 415/10 Nordanger - Svar på søknad om nydyrking

### VEDTAK:

**Med heimel i forskrift om nydyrking gjev Alver kommune Vestland fylkeskommune løyve til nydyrking av omsøkt areal på gbnr 415/10 Nordanger i Alver kommune.**

- Dersom det kjem fram kulturminne må alt arbeid stogast og Vestland fylkeskommune varslast.
- Løyve fell vekk om ikkje tiltaket er iverksatt innan 30.06.2023

### Saka gjeld

I samband med ny veg på Radøy søkar Vestland fylkeskommune om nydyrking av ca 48daa på gbnr 415/10 Nordanger. Garden er i dag i drift av Robert Hjertås som driv med kjøtt og grovfôrproduksjon. Feltet som skal nydyrkast vil få tilført massar frå bygginga av ny fylkesveg og kostnadar vert dekkja av utbyggjar. Nydyrkinga vil vera særst positivt for drifta på garden og vil sikra grovforgrunnlaget for ei utbygging som er planlagt. Gode driftsvegar vert etablert og vil gje gode driftsmessige løysingar. Andre søknadar tar for seg plan og bygningslova i samband med tilførte massar og forskrift om begrensing av forureining.

### VURDERING:

Dei moment som skal vurderast i saka er natur- og kulturlandskapsverdiar, evt konflikt med kjende kulturminner, konflikt med vassdrag, vegrettar/tilkomstar. I det siste har også det med klimagassutslepp knytt til nydyrking av myr vorte problematisert.

Uttale frå Fylkesmannen i vestland og Vestland fylkeskommune ligg som eige vedlegg.

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no). Området er elles omkransa av skog, myr, dyrkamark og beite og øydelegg såleis ikkje noko andre viktige naturtypar.

Ved nydyrking skal det settas igjen ei vegetasjonssone mot vassdrag. Langs vassdrag med årssikker vassføring skal sonen vera minst 6 meter målt ved normal vassføring. Langs vassdrag utan årssikker vassføring skal sonen vera minst 2 meter. Som vassdrag regnes stillestående eller rennande overflatevatn med årssikker vassføring og vassløp utan årssikker vassføring dersom det skillar seg tydeleg frå omgivelsane. Ved fare for avrenning til vassdrag skal det opparbeidast eit fangdammsystem.

### **Regelverk**

- Jordlova LOV-1995-05-12-23  
- Forskrift om nydyrking FOR-1997-05-02-423

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/6808

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Uttale til søknad om nydyrking - Alver 415/10 Nordanger - felt 1  
Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om nydyrking - GBNR 415/10 Nordanger

### **Mottakarar:**

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

